



Ann-Magritt Markhus Manger
Håstølen 50
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1873 - 19/22824

Saksbehandlar:
Per Atle Sæle
per.atle.sale@meland.kommune.no

06.11.2019

Retting av grense i matrikkelkartet mellom gnr 10 bnr 2 og bnr 51 mot gnr 10 bnr 15

I samband med oppmålingsforretning på gnr 10 bnr 15 og bnr 64 01.11.2019 vart det oppdaga at grensa mellom 10/2 og 10/51 mot 10/15 låg feil i matrikkelkartet. I følgje skyldskiftet for 10/51 skal grensa for 10/51 følgja eit høgt bråtelag til ein kross i fjell ved oppført steingjerde. Denne krossen vart ikkje funne, men kommunen har målt inn enden av steingarden på toppen av bråtelaget, grensepunkt 51-1 og retta opp grensa mellom 10/2 og 10/51 i nordvestre hjørne av 10/51. Dette punktet ligg 6,35m lenger vest enn den gamle grensa som låg i matrikkelkartet mellom 10/2 og 10/51.

Sidan eigarar av 10/2 ikkje var varsla til oppmålingsforretninga, vert de med dette informert om rettinga. Vi gjer merksam på at dei andre grensene mellom 10/51 og 10/2 framleis ligg som usikre grenser i matrikkelkartet. Dersom desse grensene skal målast opp, kan det rekvirerast oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser. Dette medfører gebyr etter matrikkellova.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

I samsvar med matrikkellova §26 og 46 vert de informert om rettinga og har høve til å klaga på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

10_2_51retting1

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

